



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 20.10.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 18:50

KS lokaldemokratiundersøkelse - folkevalde

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP fom sak 124/22	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Christel Villanger Håland	H møtte frå sak 125/22	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	FRP gjekk under sak 136/22	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Erlend Nævdal	UAVH	Settemedlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP tom sak 123/22	Jon Askeland
Leif Gunnar Taule	SP	Jostein Hellestveit
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Ståle Juvik Hauge
Olav Myhr	KRF	Malin Helene Andvik
Jon Vidar Sakseide	KRF	Jogeir Romarheim
Sean Røskeland	H	Nils Marton Aadland
Sandra Blommedal	UAVH	Hege Nygård Dale
Kjell Ove Larsen	UAVH gjekk under sak 136/22	Heine Fyllingsnes
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marie Morken	SV	Øystein Nigar

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Eirik Bouwer Utne-tenesteleiar, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

Sakliste

Saknr	Tittel
120/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
121/22	Godkjenning av møteprotokoll
122/22	Melding frå kontrollutvalet
123/22	Klage på Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004
124/22	Klage på vedteken detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gnr. 127 bnr. 91 mfl. Planid 46312020006
125/22	Sambandet vest – handsaming av planprogram for kommunedelplan
126/22	Høringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland
127/22	Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg
128/22	Festeavtale Lindåstunet - Videre prosess
129/22	Gjennomføringsstrategi - Områdeplan for Knarvik

- 130/22 Oppdatert avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevann og reservevassforsyning
- 131/22 2. tertialrapport 2022
- 132/22 Kostnader til administrasjon av næringsfond
- 133/22 Politisk møteplan 2023
- 134/22 Ungdomsråd 2022-2022, supplering av medlemmar
- 135/22 Melding/orientering til kommunestyret 20.10.2022
- 136/22 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 20.10.2022
- 137/22 Årsmelding frå Mobbeombodet i Vestland

120/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå N.Bognøy-AP:

Årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland som ligg til kommunestyret som meldingsak vert løfta til saklista som sak. Sak 137/22 vart handsama etter sak 134/22.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

KO- 120/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste, med tilleggssak, er godkjent.

121/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 121/22 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

122/22: Melding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 122/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

123/22: Klage på Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325/161 og 325/167 mfl. PlanID: 1256 2015 0004
KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene, frå både privat person, Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland og grunneigarar innafor planområdet (27 stk.) vert ikkje teke til følgje.

Vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325, bnr. 161, 167 mfl., PlanID 1256 2015 0004, som vist på plankart sist datert 06.04.2022 og med føresegner av revisjonsdato 12.04.2022 i sak 20/160, datert 19.05.2022, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Utval for areal, plan og miljø 05.10.2022:

Handsaming:

Rikke Slaatten Nordal-Krf bad om vurdering av sin habilitet grunna at mor er grunneigar i området. Ho deltok ikkje i utvalet si handsaming av ugildskap.

Med 6 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp) kjende utvalet henne ugild. Slaatten Nordal-Krf deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

Klagene, frå dei mange grunneigarane innanfor planområdet (27 stk. pluss ein einsleg klagar) vert tekne til følgje. Vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325, bnr. 161, 167 mfl., PlanID 1256 2015 0004, som vist på plankart sist datert 06.04.2022 og med føresegner av revisjonsdato 12.04.2022 i sak 20/160, datert 19.05.2022, vert oppheva.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av følgjande tre kulepunkt:

- Alver kommune meiner at omsyn til barn og unge sin rett til trygg skuleveg og til fritidstilbod ved Meland Aktiv og i skulemiljøet på ettermiddag og kveldstid skal vektleggast tyngre, og at det difor må stillast følgjande nytt rekkjefølgjekrav i § 2.11 sitt punkt 9 i føresegnene til reguleringsplanen. Ny setning til slutt i dette punktet vert difor:

Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01-BFS03, BKS01-BKS10 og BBB01-BBB03 skal det vere etablert fortau langs Fossevegen frå Fossesjøen og fram til Sagstad skule.

- Alver kommune ser at born og unge sine interesser ikkje er ivaretekne godt nok i dette planarbeidet, og at 164 nye bustader vil endre vesentleg tryggleiken langs kommunevegen (Fossevegen). Ei storstilt utbygging vil føre til auka biltrafikk og at mange fleire born og unge vil nytte denne snarvegen til Sagstad skule og viktige fritidsaktivitetar i og ved idrettsområdet ved Meland Aktiv.

- ROS-analysen til planen sitt punkt 46 knytt til trafikkfare er mangelfull, og planskildringa har ikkje drøfta det faktum at born og unge heller vil gå og sykle frå bustadfeltet langs Fossevegen til skuleområdet, fordi denne vegen er cirka 500 meter kortare. Kommunestyret meiner dette er eit brot på punkt 1, 4 og 5 i dei rikspolitiske retningslinene knytt til born og unge sine interesser i planlegginga (RPR-BU), som handlar om å gje born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader med meir. Konsekvensar for born og unge i plan- og byggesakshandsaminga etter plan- og bygningslova skal vere skikkeleg vurdert, noko det ikkje er i dette planarbeidet.

Den føreslåtte endringa vert sendt på høyring til planfremjar og til klagarane til uttale, slik at endringa i føresegna ovanfor vert grundig opplyst og drøfta i nytt saksframlegg i medhald av forvaltningslova sin § 17, før reguleringsplanen igjen vert slutthandsama.

Klagen frå Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland vert ikkje teke til følge. Det vert vist til grunngevinga i saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Malin Andvik-Krf, Heine Fyllingsnes-H, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Kenneth Murberg-H, Sveinung Tofft-V)

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (Anne Grete Eide-Ap)

APM- 126/22 innstilling:

Klagene, frå dei mange grunneigarane innanfor planområdet (27 stk. pluss ein einsleg klagar) vert tekne til følge. Vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325, bnr. 161, 167 mfl., PlanID 1256 2015 0004, som vist på plankart sist datert 06.04.2022 og med føresegner av revisjonsdato 12.04.2022 i sak 20/160, datert 19.05.2022, vert oppheva.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngevinga går fram av følgjande tre kulepunkt:

- Alver kommune meiner at omsyn til barn og unge sin rett til trygg skuleveg og til fritidstilbod ved Meland Aktiv og i skulemiljøet på ettermiddag og kveldstid skal vektleggast tyngre, og at det difor må stillast følgjande nytt rekkjefølgjekrav i § 2.11 sitt punkt 9 i føresegnene til reguleringsplanen. Ny setning til slutt i dette punktet vert difor:

Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01-BFS03, BKS01-BKS10 og BBB01-BBB03 skal det vere etablert fortau langs Fossevegen frå Fossesjøen og fram til Sagstad skule.

- Alver kommune ser at born og unge sine interesser ikkje er ivaretekne godt nok i dette planarbeidet, og at 164 nye bustader vil endre vesentleg tryggleiken langs kommunevegen (Fossevegen). Ei storstilt utbygging vil føre til auka biltrafikk og at mange fleire born og unge vil nytte denne snarvegen til Sagstad skule og viktige fritidsaktivitetar i og ved idrettsområdet ved Meland Aktiv.

- ROS-analysen til planen sitt punkt 46 knytt til trafikkfare er mangelfull, og planskildringa har ikkje drøfta det faktum at born og unge heller vil gå og sykle frå bustadfeltet langs Fossevegen til skuleområdet, fordi denne vegen er cirka 500 meter kortare. Kommunestyret meiner dette er eit brot på punkt 1, 4 og 5 i dei rikspolitiske retningslinene knytt til born og unge sine interesser i planlegginga (RPR-BU), som handlar om å gje born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader med meir. Konsekvensar for born og unge i plan- og byggesakshandsaminga etter plan- og bygningslova skal vere skikkeleg vurdert, noko det

ikkje er i dette planarbeidet.

Den føreslåtte endringa vert sendt på høyring til planfremjar og til klagarane til uttale, slik at endringa i føresegna ovanfor vert grundig opplyst og drøfta i nytt saksframlegg i medhald av forvaltningslova sin § 17, før reguleringsplanen igjen vert slutthandsama.

Klagen frå Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til grunngevinga i saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå AP, SP, KRF, H og FRP ved A.Byrknes-KRF:

Klagene, frå både privat person, Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland og grunneigarar innafor planområdet (27 stk.) vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325, bnr. 161, 167 mfl., PlanID 1256 2015 0004, som vist på plankart sist datert 06.04.2022 og med føresegner av revisjonsdato 12.04.2022 i sak 20/160, datert 19.05.2022, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med følgjande tilleggspunkt:

Alver kommune skal snarast saman med utbyggjar utarbeide ein plan for fartsreduserande tiltak og veglys langs Fossevegen.

Framlegget vart vedteke med 31 røyster, mot 10 røyster (L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, K.O.Larsen-Uavh., M.Klementsens-Uavh., S.Blommedal-Uavh., S.Hopland-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh. og S.Toft-V)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø fekk 17 røyster og fall, mot 24 røyster (A.G.Eide-AP, A.Sylta-AP, J.Borlaug-AP, N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, T.Skurtveit-AP, N.Øvreås-FrP, Y.Walaker-FrP, H.Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, K.Murberg-H, M.Johansen-H, Ø.Bratshaug-H, S. Røskeland-H, A.Hetlebakke-KrF, A.Byrknes-KrF, E.M.Dale-KrF, J.V.Sakseide-KrF, O.Myhr-KrF, S.Lavik-KrF, L.Bjørge-SP, S.Sekkingstad-SP, S. Knudsen-SP og R.Bø-UAV.)

KO- 123/22 Vedtak:

Klagene, frå både privat person, Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland og grunneigarar innafor planområdet (27 stk.) vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325, bnr. 161, 167 mfl., PlanID 1256 2015 0004, som vist på plankart sist datert 06.04.2022 og med føresegner av revisjonsdato 12.04.2022 i sak 20/160, datert 19.05.2022, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med følgjande tilleggspunkt:

Alver kommune skal snarast saman med utbyggjar utarbeide ein plan for fartsreduserande tiltak og veglys langs Fossevegen.

124/22: Klage på vedteken detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gnr. 127 bnr. 91 mfl. Planid 46312020006

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen frå Vestland fylkeskommune, datert 14.07.2022, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket om godkjenning av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl. PlanID 46312020006, som vist på plankarta 1-3 datert 28.04.2021 og 05.04.2022 og med føresegner datert 27.04.2022 i sak 20/17061 med saknr. 080/22, datert 16.06.2022, vert

sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Utval for areal, plan og miljø 05.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 127/22 innstilling:

Klagen frå Vestland fylkeskommune, datert 14.07.2022, vert ikkje teke til følgje.

Vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl. PlanID 46312020006, som vist på plankarta 1-3 datert 28.04.2021 og 05.04.2022 og med føresegner datert 27.04.2022 i sak 20/17061 med saknr. 080/22, datert 16.06.2022, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 37 røyster, mot 3 røyster (A.Helle-R, A.Nordlund-SV og M.Morken-SV)

KO- 124/22 Vedtak:

Klagen frå Vestland fylkeskommune, datert 14.07.2022, vert ikkje teke til følgje.

Vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl. PlanID 46312020006, som vist på plankarta 1-3 datert 28.04.2021 og 05.04.2022 og med føresegner datert 27.04.2022 i sak 20/17061 med saknr. 080/22, datert 16.06.2022, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §34, jf. §33 og plan- og bygningslova §12-12.

125/22: Sambandet vest – handsaming av planprogram for kommunedelplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest blir ikkje godkjend, det vidare arbeidet med kommunedelplanen blir avslutta.

Utval for areal, plan og miljø 05.10.2022:**Handsaming:****Framlegg frå Leif Taule-Sp:**

Planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest blir ikkje godkjend. Det vidare arbeidet med kommunedelplanen blir stilt i bero og tatt opp til nærare vurdering i neste valperiode i samband med sak om Alver kommune sin planstrategi.

Framlegg fekk 4 røyster og fall (Anne Grete Eide-Åp, Leif Taule-Sp, Kenneth Murberg-H, Heine Fyllingsnes-H)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med leiar si dobbelrøyst (Malin Andvik-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V, Rikke Slaatten Nordal-Krf)

APM- 130/22 innstilling:

Planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest blir ikkje godkjend, det vidare arbeidet med kommunedelplanen blir avslutta.

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:****Framlegg frå L.Taule-SP:**

Planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest blir ikkje godkjend. Det vidare arbeidet med kommunedelplanen blir stilt i bero og tatt opp til nærare vurdering i neste valperiode i samband med sak om Alver kommune sin planstrategi.

Framlegget vart vedteke med 32 røyster, mot 10 røyster (A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, J.V.Sakseide-KRF, L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, L.Bjørge-SP, M.I.Wergeland-SP, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV og S.Toft-V)

Innstillinga frå APM fekk 10 røyster og fall

KO- 125/22 Vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest blir ikkje godkjend. Det vidare arbeidet med kommunedelplanen blir stilt i bero og tatt opp til nærare vurdering i neste valperiode i samband med sak om Alver kommune sin planstrategi.

**126/22: Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

Eldreråd 03.10.2022:**Handsaming:**

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka. Han opplyste at rett tittel på saka skal vera "Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland - Kultur bygger samfunn.

Leiar i eldrerådet, Olav M. Steinsland, sette fram følgjande felleframlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, med kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Eldrerådet vedtok samrøystes Olav M. Steinsland sitt felles framlegg til uttale.

ER- 041/22 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, med

kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:

Handsaming:

Tittelen i saka skal vera: "*Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit*".

Fellesframlegg:

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 045/22 uttale:

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Ungdomsråd 03.10.2022:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 034/22 uttale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 061/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Utval for helse og omsorg støttar uttalane frå RMNF og Eldrerådet i sak 040/22 Høyringsuttale - Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland.

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

HO- 040/22 uttale:

Utval for helse og omsorg støttar uttalanane frå RMNF og Eldrerådet i sak 040/22 Høyringsuttale - Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland.

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:****Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP og S.Knudsen-SP:****Tillegg:**

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur med tillegg, vart samrøystes vedteke.

KO- 126/22 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit. Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

127/22: Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**Handsaming:**

Atle Waage-rådgjevar Bygg, areal og grønt, orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Fellesframlegg:

OKK støttar regelverket og oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningsliner for marknadsføring for mindreårige innan idretten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 057/22 uttale:

OKK støttar regelverket og oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for markedsføring for mindreårige innan idretten.

Alver formannskap 06.10.2022:**Handsaming****Fellesframlegg, frå N.Bognøy-AP:**

Kommunedirektøren sitt framlegg med tillegg.

Kommunestyret oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for markedsføring for mindreårige innan idretten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 092/22 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

Kommunestyret oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for markedsføring for mindreårige innan idretten.

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:****Framlegg frå A.U.Nordlund-SV:**

Innstilling frå formannskapet med en liten endring:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

Reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for markedsføring for mindreårige innan idretten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 127/22 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

Reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningslinjer for markedsføring for mindreårige innan idretten.

128/22: Festeavtale Lindåstunet - Videre prosess**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Opplysningsvesenets Fond for å endre innhaldet i festeavtalen. Dersom dette ikkje fører fram skal ein forsøke å kome fram til ein minneleg avtale om innløyning.

Dersom ikkje noko av dette fører fram, skal det leggest fram ei sak der kommunestyret får høve til å vurdere søknad til Statsforvaltaren i Vestland om ekspropriasjon.

Alver formannskap 06.10.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 093/22 innstilling:

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Opplysningsvesenets Fond for å endre innhaldet i festeavtalen. Dersom dette ikkje fører fram skal ein forsøke å kome fram til ein minneleg avtale om innløyning.

Dersom ikkje noko av dette fører fram, skal det leggest fram ei sak der kommunestyret får høve til å vurdere søknad til Statsforvaltaren i Vestland om ekspropriasjon.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 128/22 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med Opplysningsvesenets Fond for å endre innhaldet i festeavtalen. Dersom dette ikkje fører fram skal ein forsøke å kome fram til ein minneleg avtale om innløyning.

Dersom ikkje noko av dette fører fram, skal det leggest fram ei sak der kommunestyret får høve til å vurdere søknad til Statsforvaltaren i Vestland om ekspropriasjon.

129/22: Gjennomføringsstrategi - Områdeplan for Knarvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Gjennomføringsstrategi – Områdeplan for Knarvik* slik den ligg føre.

Alver formannskap 06.10.2022:

Handsaming:

Det vart stilt spørsmål om I.Fjeldsbø-H sin habilitet i denne saka. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at I.Fjeldsbø-H ikkje er inhabil i denne saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 094/22 innstilling:

Kommunestyret vedtek *Gjennomføringsstrategi – Områdeplan for Knarvik* slik den ligg føre.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 129/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Gjennomføringsstrategi – Områdeplan for Knarvik* slik den ligg føre.

130/22: Oppdatert avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret slutter seg til oppdatert avtale med Austrheim kommune om levering av drikkevatt og reservevassforsyning, datert 19.08.2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen.

Alver formannskap 06.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 095/22 innstilling:

Kommunestyret slutter seg til oppdatert avtale med Austrheim kommune om levering av drikkevatt og reservevassforsyning, datert 19.08.2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalen.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 130/22 Vedtak:

Kommunestyret slutter seg til oppdatert avtale med Austrheim kommune om levering av drikkevatt og reservevassforsyning, datert 19.08.2022. Kommunedirektøren får fullmakt til å

signere avtalen.

131/22: 2. tertialrapport 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2 tertial 2022 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarende inntekt vært justert på sentrale poster, under rammetilskot. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Det vert utbetalt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane i 2022, både det som oppsto i 2021 og det som er ført i rekneskapet for dei kommunale barnehagane i 2022. Dette inneber at dei private barnehagane mottok det ekstraordinære tilskotet knytt til korona i 2022, og ikkje i 2023 og 2024.
4. Dei ulike postane i oppsettet under tabell busetting av flyktningar, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarende inntekt vært justert på sentrale poster, under generelle tilskot. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet i samsvar med utgiftene gjennom 2022. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt. Det skal leggjast fram oversyn over den ekstraordinære busettingen av flyktningar frå Ukraina i samband med årsmeldinga. Meirinntektene i 2022 skal setjast av til eige fond for å dekkje utgifter som kjem i seinere år.
5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B).
I sum vert investeringsutgiftene redusert med 90 mill. kr frå 417,2 mill. kr til 327,1 mill. kr
Endring i finansiering:
 1. Bruk av lånemidlar vert redusert med 89,3 mill. kr.
 2. Kompensasjon for merverdiavgift vert redusert med 4,3 mill. kr.
 3. Tilskot frå andre vert auka med 3,6 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver formannskap 06.10.2022:

Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne Sund og, vedrørende barnevern, kommuneadvokat Jarle Landås.

Framlegg til nytt pkt. 1 frå I.Fjeldsbø-H og N.M.Aadland-H:

Alver kommunestyre ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga i kommunen. Kommunestyret presiserer at kommunedirektør styrer etter budsjett, ikkje etter stillingsheimlar. Kommunedirektør blir beden om å setje i gang tiltak snarast for å snu den økonomiske utviklinga.

Kommunedirektør rapporterer til formannskap/kommunestyre om status for dette arbeidet.

Framlegget vart vedteke med 12 røyster, mot 1 røyst (L.Johnsen-MDG)
Kommunedirektøren sitt framlegg, utan pkt 1, vart samrøystes vedteke.

FO- 096/22 innstilling:

1. Alver kommunestyre ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga i kommunen. Kommunestyret presiserer at kommunedirektør styrer etter budsjett, ikkje etter stillingsheimlar. Kommunedirektør blir beden om å setje i gang tiltak snarast for å snu den økonomiske utviklinga.

Kommunedirektør rapporterer til formannskap/kommunestyre om status for dette arbeidet.

2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).

3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarende inntekt vært justert på sentrale poster, under rammetilskot. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Det vert utbetalt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane i 2022, både det som oppsto i 2021 og det som er ført i rekneskapet for dei kommunale barnehagane i 2022. Dette inneber at dei private barnehagane mottok det ekstraordinære tilskotet knytt til korona i 2022, og ikkje i 2023 og 2024.

4. Dei ulike postane i oppsettet under tabell busetting av flyktningar, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarende inntekt vært justert på sentrale poster, under generelle tilskot. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet i samsvar med utgiftene gjennom 2022. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt. Det skal leggjast fram oversyn over den ekstraordinære busettingen av flyktningar frå Ukraina i samband med årsmeldinga. Meirinntektene i 2022 skal setjast av til eige fond for å dekkje utgifter som kjem i seinere år.

5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B).

I sum vert investeringsutgiftene redusert med 90 mill. kr frå 417,2 mill. kr til 327,1 mill. kr
Endring i finansiering:

1. Bruk av lånemidlar vert redusert med 89,3 mill. kr.
2. Kompensasjon for merverdiavgift vert redusert med 4,3 mill. kr.
3. Tilskot frå andre vert auka med 3,6 mill. kr.

6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Framlegg til nytt punkt 1:

Alver kommunestyre ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga av kommunen.

Alver kommunestyre viser til fleire vedtak som uttrykker uro over den økonomiske utviklinga og vedtak med å gå i gang med utviklings- og forbetningsprogram, jf. vedtak i sak 071/20 og vedtak i sak 164/21.

Alver kommunestyre ber kommunedirektøren innføre desse strakstiltaka:

Tilsettingsstopp. Alle tilsettingar skal vurderast strengt opp mot behov, der utgangspunktet for vurderinga er omsynet til forsvarleg drift, og forhold knytt til liv og helse.

Vikarbruk og overtid skal avgrensast til eit minimum. Dette skal vurderast opp mot lovpålagt drift og forhold knytt til liv og helse.

Innkjøpsstopp på alle innkjøp som ikkje er strengt naudsynte. Dette skal vurderast opp mot lovpålagt drift. Innkjøp som gjeld liv og helse skal likevel gjennomførast. Alt som kan utsetjast skal utsetjast. Innkjøp til inntektsgjevande verksemd er unntatt.

Kommunedirektør blir beden om å setje i verk desse tiltaka så snart som mogleg for å snu den økonomiske utviklinga. Tiltaka skal verke fram til 31.12.2022.

Kommunedirektør rapporterer til formannskap/kommunestyre om status på desse tiltaka.

Framlegget vart vedteke med 30 røyster, mot 12 røyster (A.K.Eknes-KRF, A.Hetlebakke-KRF, J.V.Sakseid-KRF, O.Myhr-KRF, S.Lavik-KRF, L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, K.O.Larsen-Uavh., S.Blommedal-Uavh. og S.Toft-V)

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Kommunedirektøren skal til neste Formannskapsmøte legge frem en konkret plan for innsparingstiltak som kan iverksettes umiddelbart.

Framlegget fekk 15 røyst og fall, (K.Murberg-H, A.Hetlebakke-KRF, L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, L.Taule-SP, M.I.Wergeland -SP, S.Sekkingstad-SP, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, K.O.Larsen -UAV., M.Klementsens-UAV, S.Blommedal-UAV, S.Hopland-UAV, T. Sletten-Hansen-UAV. og S.Toft-V.)

Instillinga frå formannskapet, med nytt pkt.1, vart vedtek med 36 røyster, mot 6 røyster (A.Helle-R, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, K.O.Larsen-Uavh., S.Blommedal-Uavh.og S.Toft-V)

KO- 131/22 Vedtak:

1. Alver kommunestyre ser svært alvorleg på den økonomiske utviklinga av kommunen. Alver kommunestyre viser til fleire vedtak som uttrykker uro over den økonomiske utviklinga og vedtak med å gå i gang med utviklings- og forbetningsprogram, jf. vedtak i sak 071/20 og vedtak i sak 164/21.

Alver kommunestyre ber kommunedirektøren innføre desse strakstiltaka: Tilsetningsstopp. Alle tilsettingar skal vurderast strengt opp mot behov, der utgangspunktet for vurderinga er omsynet til forsvarleg drift, og forhold knytt til liv og helse.

Vikarbruk og overtid skal avgrensast til eit minimum. Dette skal vurderast opp mot lovpålagt drift og forhold knytt til liv og helse.

Innkjøpsstopp på alle innkjøp som ikkje er strengt naudsynte. Dette skal vurderast opp mot lovpålagt drift. Innkjøp som gjeld liv og helse skal likevel gjennomførast. Alt som kan utsetjast skal utsetjast. Innkjøp til inntektsgevande verksemd er unntatt.

Kommunedirektør blir beden om å setje i verk desse tiltaka så snart som mogleg for å snu den økonomiske utviklinga. Tiltaka skal verke fram til 31.12.2022.

Kommunedirektør rapporterer til formannskap/kommunestyre om status på desse tiltaka.

2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2022 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).

3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarande inntekt vært justert på sentrale poster, under rammetilskot. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga. Det vert utbetalt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane i 2022, både det som oppsto i 2021 og det som er ført i rekneskapet for dei kommunale barnehagane i 2022. Dette inneber at dei private barnehagane mottek det ekstraordinære tilskotet knytt til korona i 2022, og ikkje i 2023 og 2024.

4. Dei ulike postane i oppsettet under tabell busetting av flyktingar, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter, og tilsvarende inntekt vart justert på sentrale poster, under generelle tilskot. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjettet i samsvar med utgiftene gjennom 2022. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktingar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt. Det skal leggjast fram oversyn over den ekstraordinære busettingen av flyktingar frå Ukraina i samband med årsmeldinga. Meirinntektene i 2022 skal setjast av til eige fond for å dekkje utgifter som kjem i seinere år.

5. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2022 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B).

I sum vert investeringsutgiftene redusert med 90 mill. kr frå 417,2 mill. kr til 327,1 mill. kr

Endring i finansiering:

1. Bruk av lånemidlar vert redusert med 89,3 mill. kr.
2. Kompensasjon for merverdiavgift vert redusert med 4,3 mill. kr.
3. Tilskot frå andre vert auka med 3,6 mill. kr.

6. Finansrapport vert tatt til orientering.

132/22: Kostnader til administrasjon av næringsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (M.Johansen-H, Øyvind Bratshaug-H, T. Skurtveit-AP, Liv Hopland van der Kooij-SP) mot 2 røyster (S. Lavik-KRF, Y. Walaker-FRP).

ND- 047/22 innstilling:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå L.Bjørge-SP:

Presisering av innstillinga:

Administrasjonskostnader (ekskludert bemanning) skal dekkast av næringsfondet.

Framlegget vart vedteke med 34 røyster, mot 8 røyster (N.Øvreås-FRP, Y.Walaker-FRP, A.Hetlebakke-KRF, A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, J.V.Sakseide-KRF, O.Myhr-KRF og S.Lavik-KRF)

KO- 132/22 Vedtak:

Administrasjonskostnader (ekskludert bemanning) skal dekkast av næringsfondet.

133/22: Politisk møteplan 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 059/22 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:**Handsaming:**

Utvalet slutta seg samrøystes til Politisk møteplan 2023.

HO- 037/22 uttale:

Utvalet sluttar seg til Politisk møteplan 2023.

Utval for areal, plan og miljø 05.10.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 132/22 uttale:

Ingen merknader.

Utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022:**Handsaming:**

Utvalet har ingen merknad til Politisk møteplan 2023.

Samrøystes.

ND- 046/22 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift har ingen merknad til Politisk møteplan 2023.

Alver formannskap 06.10.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 097/22 innstilling:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:****Endringsframlegg frå S.Sekkingstad-SP:**

Strategisamling formannskapet vert flytta frå 26. januar til 19. januar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet, med endring, vart samrøystes vedteke.

KO- 133/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka med endring.

134/22: Ungdomsråd 2022-2022, supplering av medlemmar**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Supplering av medlem til Alver ungdomsråd 2022-2023:

Meland ungdomsskule: medlem - Sondre Heldal, varamedlem – Vera Martins

Nordhordland Kristne Grunnskule: varamedlem -

Danielsen ungdomsskule Frekhaug: varamedlem –

Endring varamedlem frå Lag og organisasjonar for ungdom:

Frå Henrik Mikkelsen til Thea Risnes

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 134/22 Vedtak:

Supplering av medlem til Alver ungdomsråd 2022-2023:

Meland ungdomsskule: medlem - Sondre Heldal, varamedlem – Vera Martins

Nordhordland Kristne Grunnskule: varamedlem - Linnea Hindenes

Danielsen ungdomsskule Frekhaug: varamedlem – Marius Bjørkeheim Renholm

Endring varamedlem frå Lag og organisasjonar for ungdom: Frå Henrik Mikkelsen til Thea Risnes

135/22: Melding/orientering til kommunestyret 20.10.2022**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 20.10.2022:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 135/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

136/22: Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 20.10.2022**Alver kommunestyre 20.10.2022:****Behandling:****Spørsmål frå Morten Klementsens-uavh.:**

1.Vil med dette spørje Ordførar om kor mange gonger Alver kommune er vorten saksøkte i denne perioden. Vil gjerne ha antall med konkrete saker/navn på saksøkjorar, og korleis status er, og har vore på kor mange saker som har vore, eller skal avgjerast i rettsapparatet. Antall forlik - med kronestørrelse på evt. desse ynskjust óg.

2.Vil med det same spørja om kvifor Formannskap/Kommunestyret ikkje får informasjon om saksøkingar mot kommunen. Ref: tidlegare Grunngeve spørsmål, der dåværande titullerte Rådmann uttalde at det var mange som til ein kvar tid saksøkte kommunen.

Svar:

1:

Forlikrådet:

- Sak nr. F2020-052150: NN og NN – Alver kommune (oppgjør etter avståing av eigedom og avtaleskjøn): Forlik
 - Forlik 11.01.2021: kommunen utbetalte kr. 60.000.-

Tingretten:

- Sak nr. 18-120705RFA-NN Parter: NN m/flere mot Alver kommune (krav om rettsutredning og grensefastsetting)
 - Saken er avsluttet – Alver kommune vant saken og ble tilkjent fulle saksomkostninger.
- Sak nr. 20-102661TVI-BERG/2 - Saksøker NN mot Alver kommune (arbeidsrett)
 - Saken ble avsluttet med forlik under rettsmekling – Alver kommune

utbetalte kr. 200 000,- til NN.

- Sak nr. 20-025120TVI-THOD/ - Saksøker NN – Alver kommune (erstatningssøksmål)
 - Saken avslutta ved forlik. Kr. 950.000 til saksøker (forsikringsoppgjør), Alver kommune sin egenandel var på kr. 50.000.
- Sak nr. 20-089550TVI-THOD/1 – Saksøker NN ASA mot Alver kommune (Gyldighetsprøving av eiendomsskattevedtak)
 - Saken avsluttet med dom – dommen er anket inn for Gulating lagmannsrett – se under.
 -
- Sak nr. 21-114131TVI-THOD – Saksøker NN AS – mot Alver kommune og staten (gyldighetsprøving av forvaltningsvedtak)
 - Saken er pågående.

Anker for Gulating lagmannsrett:

- Sak nr. 22-035331ASD-GULA/AVD1 – NN ASA mot Alver kommune (Gyldighetsprøving av eiendomsskattevedtak)
 - Saken er pågående og berammet til hovedforhandling i Gulating lagmannsrett 24. oktober 2022 – 2. november 2022.

2:

Alle saker er kommunisert med kommunedirektør og ordfører.

Spørsmål frå Morten Klementsens-uavh.:

Varsling av kritikkverdige forhold:

Alver kommune ynskjer at kritikkverdige forhold vert avdekka, og at dei blir følgd opp. Det vert her vist til eigne prosedyrar for varslings i HMS-systemet, samt reglane i arbeidsmiljølova.

Generelt:

Ein god etisk praksis heng saman med at det vert lagt til rette for open kommunikasjon og refleksjon omkring etiske problemstillingar og dilemma i heile organisasjonen. Det skal difor leggjast til rette for at det er jamleg fokus på etikk i medarbeidar- og leiarfora på alle nivå.

Mitt første spørsmål er om det er nokon som nyttar seg av varslings av kritikkverdige forhold, evt kor mange, og om å få sjå oversikt over desse.

Det andre spørsmålet eg har i dette grunngeve spørsmålet er kva som konkret gjerast for tilrettelegging. Sitat: "Det skal difor leggjast til rette for at det er jamleg fokus på etikk i medarbeidar- og leiarfora på alle nivå". Når var det fokus på dette tema på leiarnivå, og i dei lågare nivåa? Vil gjerne ha eit konkret svar på spørsmålet.

Svar:

Alver kommune har hatt stort fokus på arbeidet med internkontroll etter samanslåinga. Dette er eit stort og krevjande område og organisasjonen har ikkje kapasitet til få til alt og få på plass alt på ein gong. Vi arbeider systematisk med å få på plass element som manglar og forbetre element som kan bli betre. Hovudfokus i internkontrollarbeidet er til no vært å implementere nytt elektronisk kvalitetssystem og få på plass rutinar og prosedyrar og overordna reglement.

«Det skal være enkelt å melde frå om kritikkverdige forhold i Alver kommune. Kommunen nyttar systemet «Mitt varsel» som kanal for varslings, har etablert eit varslingsutval som

handterer innkomne varsel og har rutine for handtering av varsel om kritikkverdige forhold. Så langt i 2022 har det komme inn tre varsel, der to av disse, pga. varselets innhald og i samråd med varslar, er handtert gjennom avviksmodulen i kvalitetssystemet. (Tema for varselet er arbeidsmiljø.)

1. Etisk reglement ligg lett tilgjengeleg for alle tilsette, både på innbyggjarportalen og i kvalitetssystemet. Etikk og konkrete etiske dilemma vert diskutert i tenestene gjennom den daglege drifta, både mellom medarbeidarar og med leiar, og i samband med utarbeiding av rutinar og reglement, som til dømes innkjøpsreglement og rutine for handtering av habilitetsspørsmål. Temaet etikk er også eit element i plan for leiarutvikling, og kommunen er i kontakt med Arbeidstilsynet for å få på plass eit varslingsseminar.
2. Fleire tema innan internkontroll ligg inne i mal for månadmøte mellom leiarar i Alver kommune. I denne malen ser eg at etiske problemstillar kan og bør konkretiserast og tydeleggjerast meir enn det som er tilfelle i dag. Vi har hatt få fysiske samlingar etter Koronaen og det har vert vanskeleg å prioritere mellom tema som alle er like viktige. En gjennomgang av og refleksjon rundt etisk reglement vil være høgt prioritert for møta som kjem. Vi nyttar også årshjulsmetodikk for å sikre gjennomføring slik det vert etterlyst i spørsmålet.

Spørsmål frå Liv Hopland van der Kooij-SP:

I vår var eg som polititar på omvisning i eit nesten ferdig rensanlegg/vannverk på Hestdal, dei holdt på å prøvekyra anlegget og sa det ville ta litt tid å finjustera det. Er anlegget ferdigstilt og i full drift? Er arbeidet med HMS/sikring på utsida av anlegget og nede ved ungdomshuset på Grasdal ferdig?

Svar:

1.De har nettopp bygget om UV anlegget. Den neste 14 dagers perioden skal det sjekkes ut om vi har stabile verdier på SD-anlegget. De faste fysiske sjekkene av vannprøvene, viser at vi hele tiden har hatt god vannkvalitet, men det er ikke ønskelig å slippe ut vann til abonnentene før den tekniske avlesingen på SD-anlegget er ok. Har tatt lengre tid enn leverandør og kommunen har sett for seg, men vi har god tro om at vi nå snart kan slippe vann ut til abonnentene.

2.HMS og sikring ved Grasdal er jeg usikker på hva det siktes til, men som utgangspunkt er alle arbeider avsluttet fra vannbehandlingsanlegget og ned til Grasdal ungdomshus. Er det Jørgen Olsvoll og utplassering av gjerder det siktes til, er dette en av flere saker som beklageligvis er en dialog mellom advokater.

Spørsmål frå Leif Johnsen-MDG:

Kan ordf. ta initiativ til at KO får ei brei orientering om planoppgåvene og plankapasiteten når det gjeld arbeidet med Arealplanen og Alver sine prosjekt til Miljøløftet?

Kan ordf. ta initiativ til at KO får drøfte korleis ein skal prioritere planarbeidet mellom Arealplan og prosjekt til Miljøløftet?

I FO møte 6. okt. vart det gitt ein gjennomgang av mange moglege prosjekt Alver kommune kan få midlar til i Miljøløftet.

Dei fleste av desse er ikkje ferdig regulerte, noko som er eit krav for å få midlar frå Miljøløftet/Byvekstavtalen.

Det skjer òg for tida mye byggjeverksemd i kommunen, og fleire innbyggjar har meldt underteikna om bekymring for om alt er lovleg og godtkjent av kommunen. På Mjåtveit næringspark har eit stort firma som Vassbakk & Stol fått stoppordre og dagmulter for ulovleg verksemd.

Avdelinga for Tilsyn og miljø har meir å ta tak i enn dei har kapasitet til. T.d.

er Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget, som skulle vere ferdig før sommaren, utsett grunna manglande kapasitet, opplyste ordf. i FO møte 6. okt.

I tillegg arbeider planavdelinga med den nye Arealplanen. Ideelt sett skulle Alver hatt ein ferdig arealplan før prosjekta til miljøløftet vart planlagte. Men grunna samanslåinga er ikkje tidsplanen ideell. Det ein har er arealplanane frå dei tre gamle kommunane, med dei prosjekta som låg der.

Det gjer at planavdelinga synest å vere under eit større press enn forsvarleg;

- både å få arealplanen for Alver ferdig raskt,
- og å ferdigregulere moglege prosjekt til miljøløftet,
- og å ha kapasitet til å følgje med på om all byggjeverksemd rundt om i kommunen går lovleg for seg.

Dilemmaene dette skaper er fleire:

- Gjer ein Arealplanen ferdig før prosjekta, risikerer ein å måtte dispensere frå planen når prosjekta skal ferdiggjerast, noko som kan forsinke prosessane og gjere at Alver risikerer å gå glipp av midlar, eller å få dei lenger inn i framtida.
- Gjer ein prosjekta klare først, stiller ein sterkare i konkurransen om sterkt tiltrengte midlar til trafiksikring, men har ikkje ein overordna arealplan for Alver kommune.
- Skal ein følgje med på store aktørar som opererer ulovleg, har ein ikkje kapasitet til å sjekke bekymringsmeldingar frå innbyggjarar, noko som undergrev tilliten til kommunen.

Spm om kva som bør prioriterast å gjennomføre først melder seg derfor. Vil det vere fornuftig å utsetje ferdigstillinga av arealplanen for å få dei lengst komne prosjekta til Miljøløftet ferdige og frigjere kapasitet til toppfølgings- og tilsynsoppgåver?

Svar:

Spørsmålet har i seg fleire problemstillingar difor vil ordførar innleiingsvis knytte svaret opp mot organiseringa i Alver kommune.

Tenesteområde plan og analyse har ansvar for å utarbeide offentlege planer som er vedtatt gjennom planstrategien. Til dømes kommuneplanen sin arealdel og andre offentlege reguleringsplanar.

Ulovlighetsoppfølging blir handtert på tenesteområde Arealforvaltning, ved avdeling for miljø og tilsyn. Nokon av spørsmåla til representanten Leif Johnsen, Alver MDG er relatert til ulovlighetsoppfølging og konsekvensar for framdrift for arealplanarbeidet.

Miljø og tilsyn si sakoppfølging heng ikkje saman med bruk av ressursar knytt til arbeid med arealplan eller prosjekt knytt opp mot Miljøløftet. Miljø og tilsyn prioritetar og handsamar saker om moglege ulovlege byggetiltak etter vedtatt tilsynsstrategi.

Arealplanlegging og realisering av prosjekt knytt til Miljøløftet:

Vedteken planstrategi for Alver slår fast kva planer som skal utarbeidast i denne kommunestyreperioden. Kommuneplanen sin samfunnsdel er vedteken. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) som oppfølging av samfunnsdelen er i prosess. Det er politisk bestilt at KPA skal vere klar til høyring sommar 2023. Kommunestyret har også sett av ekstra planmidlar i arbeidet med arealdelen.

I Alver i dag er det 7 kommunedelplanar som er førande for arealutviklinga.

Kommunedelplan for Radøy, KDP Meland, KDP Lindås og KDP Knarvik, Alversund med Alverstraumen, vart alle vedtekne i 2019. Desse overordna planane vil vere førande for detaljregulering av prosjekt i Miljøløftet og andre utbyggingsprosjekt i kommunen, fram til Alver har vedtatt ein ny arealdel.

Det er fleire prosjekt i Alver som er regulert og klare til å søke om midlar i Miljøløftet uavhengig av framdrift for kommuneplanen sin arealdel. Ordførar vil difor ikkje anbefale å utsetje arbeidet med arealdelen. Det er viktig at kommunen får ein ny og oppdatert arealdel, men det er også viktig å realisere gode trafikktryggleiksprosjekt gjennom Miljøløftet.

Ordførar trur heller ikkje vi skal blande saman diskusjon om kapasitet på planlegging og kapasitet på ulovlegheitsoppfølging. Det er to ulike fagområde. Vi treng dei planressursane vi har til å gjennomføre viktig planarbeid, så må vi gjere ei eigen vurdering på om kapasiteten på ulovlegheitsoppfølging er god nok.

137/22: Årsmelding frå Mobbeombodet i Vestland

Alver kommunestyre 20.10.2022:

Handsaming:

Framlegg frå N.Bognøy-AP:

Kommunestyret meiner årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland skal inngå som eit av fleire kunnskapsgrunnlag som kommunen har i arbeidet mot mobbing i barnehage og skule i Alver kommune. Årsmeldinga skal vera lett tilgjengelig på kommunen si heimeside.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 137/22 Vedtak:

Kommunestyret meiner årsmeldinga frå Mobbeombodet i Vestland skal inngå som eit av fleire kunnskapsgrunnlag som kommunen har i arbeidet mot mobbing i barnehage og skule i Alver kommune. Årsmeldinga skal vera lett tilgjengelig på kommunen si heimeside.